



## Notat

Dato: 01.03.2017  
Arkivsak: 2017/997-2  
Saksbehandlar: josfjer

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Sak PS 11/2017 - tilleggsinformasjon om investeringar i skulebygg**

#### **Nye Åsane vgs**

Det vart i fylkesutvalet 23.februar stilt spørsmål om statusen på finansieringsavtalen med Bergen kommune for Nye Åsane vgs. Rådmannen greidde ut for dette munnleg. Vedlagt dette notat fylgjer ei skrifteleg utgreiing frå Bergen kommune ved Tor Corneliusen - kommunaldirektør for HR, digitalisering og eigedom.

#### **Askøy vgs**

I rullering av skulebruksplanen er følgjande vedtatt for Askøy vgs:

*Større rehabilitering og ei utbygging av Askøy vgs er planlagt slutført i 2022*

I investeringsplanen vedlagt høyringsgrunnlaget for skulebruksplanen var det lagt opp til følgjande fordeling av kostnaden:

2018 til 2022 – 6mill, 6mill, 55mill, 140mill og 69mill

Vidareutvikling fram til framlegging av romprogrammet for Nye Åsane vgs juni 2016 gav grunnlag for å redusera kostnadsanslaget noko for denne skulen. Det gav moglegheit til å leggja tyngda av finansieringa på Askøy vgs noko tidlegare innanfor investeringsramma på 500 mill kroner vedteke i skulebruksplanen. Utan å endra planlagt opning, så blei følgjande justert finansiering av kostnaden lagt inn i budsjettperioden 2017-2020:

2017 til 2020 – 6mill, 6mill, 138mill (2021 og 2022 må samla vera på 126 mill)

I samband med saka PS 11/2017 *Budsjett 2017 – endringar – ny gjennomgang av investeringsbudsjettet*, så er finansieringa for Askøy vgs foreslått endra tilbake til om lag slik den var i høringa. Skulen er framleis planlagd ferdig i 2022.

#### Vedlegg

1 Brev frå Bergen kommune, dat. 24.02.17